



Rambøll Norge AS (Hovedkontor)
Harbitzalléen 5
0213 OSLO

Referanser:

Dykkar: 38f93a87-9dad-4933-bb63-
b1e934d2dad6

Vår: 23/671 - 23/6829

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

16.08.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om rammeløyve - endring av anlegg - brygger/kai - gbnr 52/35

Administrativt vedtak. Saknr: 069/2023

Tiltakshavar: Statsbygg

Ansvarleg søkjar: Rambøll Norge AS

Søknadstype: Søknad om rammeløyve

Me syner til søknad motteken 30.06.23

VEDTAK:

Masfjorden kommune gjeve med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 b) rammeløyve for rehabilitering av kai på gbnr. 52/35, Matre, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 29.06.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Det må søkjast om igangsetjingsløyve og ansvarsrettar for utførelse før arbeida tek til.
4. Avkøyring til kaien må utformast iht. reguleringsplanen for området.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Rambøll Norge AS	915251293	S	1	Søklar
PRO	Rambøll Norge AS	915251293	S	1	Prosjektering teikningar rammesøknad

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.5	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	1	10.200,-
	Totalt gebyr å betala		10.200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:


Tiltak

Saka gjeld søknad om rehabilitering av eksisterande kai eigd av Statsbygg på gbr. 52/35 på Matre.

Fakta

Området kaien som er søkt rehabilitert ligg i reguleringsplan for Matre, planID 4634_126620060003 og arealet er avsett til næring.


Det er kome merknad frå Vestland fylkeskommune, som er vegeigar der kaien har adkomst frå. Dei påpeikar at avkjørsla i dag er utflytande og i strid med gjeldande reguleringsplan. Dei ber om at avkjørsla blir opparbeid i trå med reguleringsplan. Tiltakshavar kommenterar tilbake at dei «... gjør vi oppmerksom på at det ikke skal gjøres noe på eksisterende avkjørsel, og at tiltaket ikke innebærer økt/ændret bruk av avkjørsel»



Vurdering

Tiltaket er vurdert å vera iht. planformål, som er næring.

I reguleringsplanen er det vist avkjørsle til området, sjå under:



Situasjonsplanen vedlagt søknad viser ei ny betongplate på 70*5 m, noko som vert ei betydeleg utviding av det arealet som er nyttbart på kaien i dag, spesielt i austre ende av kaien.



Sjølv om det ikkje er planlagd noko auka aktivitet som følgje av tiltaket, finn ein det formålstenleg å opparbeida/ utforma avkøyringa slik den er regulert. Dette vil og gje ei sikrere løysing for dei som skal nytta avkøyringa og brukarar av fylkesvegen, då den i dag er svært flytande slik vegeigar påpeikar.

Tiltakshavar opplyser at dei er i dialog med grunneigar då ein mindre del av tiltaket vil koma utanfor det arealet som er eigd av Statsbygg. Ein legg til grunn at dei privatrettslege tilhøve er avklara før byggjestart.

Det er og avklara med Statsforvaltaren at tiltaket ikkje krev eige løyve etter forureiningslova.

Konklusjon

Det vert gjeve rammeløyve til tiltaket jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rambøll Norge AS (Hovedkontor)

Harbitzalléen 5

0213

OSLO